



- Betre miljø og vekstvilkår ved ein større skule, seier rrektor Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Vidar Haugland i Uskedalen skriv i eit svar på innlegget frå Ellen Aakre i Herøysund om skulestrukturen at ein fulldelt skule gir betre miljø og betre vekstvilkår for elevane.

Haugland skriv dette:

' Eg har ikkje noko spesielt syn på om elevane frå Bringedalsbygda skal overførast til Uskedalen eller omvendt. Eg har heller ingen ønskje om at Bringedalsbygda skule skal leggjast ned. Det eg har sagt er at elevane frå Bringedalsbygda og andre bygder for den del er hjarteleg velkomne til Uskedalen dersom politikarane ønskjer å overføra elevar hit.

Det seier eg fordi eg meiner at ein fulldelt skule med 150-180 elevar på 1.-7.-klasse-steget, med fleire barn og fleire vaksne i miljøet, gir betre miljø og betre vekstvilkår for elevane. Ein slik skule treng ikkje liggja i Uskedalen.

Når eg i det heile har sagt noko i denne saka, har det også med den bygningsmesige situasjonen ved Uskedalen skule å gjera. Dersom skulen skal eksistera i den nye skulestrukturen, må kommunen rusta han opp for mange millionar, og då må det jo vera avklart kor stor han skal vera'.

Rektor Haugland seier til uskedalen.no at han vil utdjupa synet sitt på skulesituasjonen nærare under møtet som Uskedalen Utvikling skal halda måndag kveld i Gamleskulen. Der er Haugland innleiar

Av Ola Matti Mathisen